



DEN NORSKE KYRKJA

Ørsta kyrkjelege fellestråd

VILKÅR FOR BRUK AV KYRKJENE I ØRSTA

Begrepsavklaring:

Kyrkjevevja: I denne samanhengen kyrkjevevja, staben og eventuelt dei han gir mynde til. Kyrkjevevja er ansvarleg utleigar.

Stadansvarleg: Dette er som regel kyrkjetenar eller andre som kyrkjevevja har gitt mynde til.

Leigetakar: Dette er den ansvarlege person, arrangør eller styre som står ansvarleg for arrangementet og har signert leigekontrakt anten sjølv eller på vegne av.

GENERELT:

1. Bruk av kyrkjene i Ørsta er omfatta av reglar for bruk av kyrkjene fastsett av Kirkemøtet 15. april 2015. Ved leige av kyrkjene i Ørsta skal utleigar og leigetakar inngå leigekontrakt som partane underteiknar. Leigetakar får eitt eksemplar av vilkåra som utfyller leigekontrakta og forpliktar leigetakar. Kyrkja kan leigast ut til konsertar og andre arrangement med kyrkjeleg formål i tider utanom dei faste gudstenester, kyrkjelege handlingar og eventuelt daglege opningstider for omvising. Det er ein føresetnad at alle arrangement vert lagt opp og gjennomført i samsvar med den vørdrnad kyrkja har. Det er også ein føresetnad at kyrkja til ei kvar tid framstår på ein måte som best muleg stettar behova til dei som besøkjer kyrkja.
2. **LEIGEAVGIFT:** Leige av kyrkja skjer mot at det vert betalt avgift etter reglement fastsett av Ørsta kyrkjelege fellestråd, jfr. Kirkelovens § 20. Avgifta dekkjer kyrkjetenar, reinhald og administrasjon, evt. ekstra vaktmannskap. Fellestrådet sender faktura etter at arrangementet er ferdig. Ved arrangement som krever større bemanning (eksterne brannvakter), under øvingar på førehand eller ved sjølv arrangementet, vert meirkostnadane i tillegg til fastsett avgift for arrangementet.
3. **GODKJENNING AV OPPLEGG/PROGRAM:** Opplegg og program skal være utleigar i hende i god tid, og min. 2 veker, før arrangementet for godkjenning. Endringar må berre gjerast etter avtale med utleigar. Dette gjeld også ved radio- og TVopptak.
4. **LEIGETID:** Leigetakar skal halde seg til tildelt tid, og alt skal være rydda når ein forlet kyrkja. Dersom ikkje anna er avtalt skal utstyr fjernast også mellom øvingar. Det er ikkje høve til å lagre emballasje, instrumentkasser m.v. i kyrkjerommet, utover leigetida. Slik lagring kan eventuelt gjerast annan stad i kyrkja etter avtale med

kyrkjeverja. Utleigar har ikkje ansvar for instrument m.m. som leigetakar får løpyve til å lagre i kyrkja mellom bruk.

5. Før konsertar skal tidspunkt for øving avtalast seinast 4 veker på forehand. Tid til oppvarming for orkester og andre utøvarar skal være inkludert i øvingstidene.
6. **RIGGING AV UTSTYR:** Ved utleige til arrangement som krever rigging av ekstra utstyr skal det på førehand settast opp riggeplan som skal godkjennast av utleigar. Leigetakar er pliktig å halde seg til denne, og endring kan berre skje etter avtale med utleigars kontaktperson/stadansvarlig. Riggeplanen skal godkjennast av kyrkjeverja og leigetakar er pliktig til å rette seg etter pålagte krav og tilvisingar. Kyrkjeverja og hans stab har ved alle høve fri tilgang for tilsyn. Under rigging er det representant frå kyrkja tilstades (kyrkjetenar). Det kan ikkje inngåast avtalar på staden som set den signerte avtalen til side.
7. Det må utvisast særleg varsemd under rigging slik at bygningen ikkje vert påført skadar av noko slag. Leigetakar er erstatningspliktig for evt. skadar som vert påført inventar, søyler, golv eller kyrkja elles. Eventuelle skadar skal skildrast på oppgjersskjema. Det er ikkje høve til å feste noko på veggar, dører, søyler eller inventar, inne eller utendørs. Ved oppbygging av scene eller tribuner skal golvet vere beskytta med sponplater eller liknande. Særleg beskyttelse kan også være aktuelt ved innsetting av store høgtalarar, miksebord eller anna teknisk utstyr. Det er ikkje tillate å dra tunge gjenstandar langs golvet, sleppe gjenstandar ned frå høgde eller lage merke på golv, søyler eller veggar med kritt, tape eller liknande. Levande lys er berre tillate på altar og lysglobe, og golvet skal vere tildekka mot søl. Røykmaskiner er ikkje tillate. Fast inventar i kyrkja (døypefont, lesepult, benkar m.v.) må ikkje flyttast utan at det er avtalt og godkjent i riggeplanen. Uvedkomande gjenstandar skal ikkje plasserast på altar/altarring, i nisjer, på stolar eller anna inventar.
8. **BRANNVERN/SIKKERHEIT:** Det skal visast særleg varsemd med omsyn til brannfaren. Det er ikkje høve til provisoriske elektriske installasjonar. Eventuell utplassering av ekstra brannslökkjeutstyr skal avgjerast av kyrkjeverja og kostast av leigetakar. Leigetakar er ansvarleg for at utstyret er tilgjengeleg og kan brukast, og skal leverast tilbake i same stand som det vart motteke. Leigetakar skal peike ut brann-/dørvakter tilsvarande talet på rømningsvegar/-dører, og desse skal ha motteke naudsynt sikkerheitsinstruksjon frå stadansvarleg. Vaktmannskap skal melde seg til stadansvarlig minimum tre kvarter før konserten/arrangementet startar. Vaktmannskap skal ha tilgjengeleg refleksvest. Har leigetakar tatt på seg ansvaret for vaktmannskap, vert dette å rekne som kontraktsbrot om dette ikkje vert utført.
9. Plassering av ekstra stolar kan utgjere ein risiko, og kan berre brukast etter godkjenning av stadansvarleg.
10. Bruk av levande lys er berre tillate på altar og i lysglobe, og det skal alltid visast ekstra varsemd ved bruk av levande lys.
11. Alle utgangar er rømningsvegar og skal haldast fri for gjenstandar eller anna som er til hinder eller fare ved ei eventuell evakuering.

12. All leidningsføring langs golvet skal teipast fast eller dekkast til slik at det ikkje er til fare for besøkande.
13. **ANNA:** Det er ikkje høve til å bruke kyrkjeromet til spiserom. Ved behov for pause-/spiserom kan det avtalast særskilt bruk av rom i kyrkjekjellar til dette. Leigetakar er ansvarleg for å rydde etterpå.
14. Altaret er til kyrkjeleg bruk og det er ikkje høve til å bruke det som benk eller bord. Det er heller ikke høve til å sitte eller stå på alterringen.
15. Det er generelt røykeforbod i kyrkja.
16. Av- og pålessing av utstyr frå bil/hengar er tillate gjennom sideutgang mot nord, men det er ikkje tillate å parkere bilar eller hengarar inntil kyrkjeveggane under arrangement.
17. Tradisjonell hylling av brudepar inne/ute med kasting av ris eller andre matvarer, roseblad, konfetti ol. er ikkje tillate då det kan sette farge på løpar eller golv, føre til ekstraarbeid med opprydding eller vere til skade for miljøet.

Ørsta kyrkjelege fellesråd, februar 2026



DEN NORSKE KYRKJA

Ørsta kyrkjelege fellelsråd

LEIGEAVTALE/OPPGJERSSKJEMA FOR UMLEIGE AV KYRKJENE I ØRSTA

Dato for arrangementet: Kyrkje:

Leigetakar: E-post

Type arrangement/føremål:.....

Viglsle, utanbygds m/ organist og kyrkjetenar kr 4.500,- = kr ,-

Gravferd, utanb. m/ organist og kyrkjetenar kr 4.500,- = kr ,-

Grunnleige lokal arrangør kr 2.500,- = kr ,-

Grunnleige ekstern kommersiell arrangør kr 4.500,- = kr ,-

Ekstra øvingsdag: Grunnleige x 0,5 = kr ,-

Brutto billettsal kr. x 10% = kr ,-

Anna arrangement med prisavtale = kr ,-

Sum leige = kr ,-

Ørsta kyrkjelege fellelsråd sender faktura på samla beløp til leigetakar etter at arrangementet er avslutta.

Ørsta, dato:

.....

For leigetakar

.....

For ØKF